

# ÅRSMELDING FOR NORDTVEIT VASSVERK 2016

Årsmøte for 2015 vart halde i Bedehuskjellaren 23.04.2016

Styret for 2016 er samansatt slik:

Laiar	: Svenn Idar Nordtveit
Nestlaiar	: Jan Edgar Hjertnes
Styremedlem	: Erling Berge
Styremedlem	: Hans Olav Nordtveit
Styremedlem	: Arve Nordtveit
Varamedlem	: Reidar Ebbesvik
Varamedlem	: Eli Hjartåker
Varamedlem	: Magnar N Berge
Kasserer	: Harald Hjartåker
Revisor	: Stig Tveit
Valnemnd	: Sveinung Eide, Odd Kåre Nordtveit

Styret har hatt 4 styremøter i 2016.

Vassverket har ikkje fått nye tilknytninger i 2016.

Driftsmessig har det vore ein større lekkasje på ledningen til Leite som gjorde at dagtanken blei tappa ned slik at dei som ligg høgast mista trykket. Arbeidet med utskifting av ventiler og fjerning av reduksjonsventiler i kummer er starta . 1 stk. kum er ferdig. Dette arbeidet går noko tregare enn planlagt. Vassverket har hatt ein stor utgift med skifting av sensorar i UV anlegga. Kostnad ca 50000,- Anlegget er gammalt, så me må regne med større driftsutgifter i åra framover.

Vannforbruket gjekk opp ein del i november som var eit tegn på at det var ein eller fleire skjulte lekkasjer på anlegget. Dette skjedde etter første frosten var over, så det tydet på at det kan vere lekkasje i eit ubebodd hus/uthus. Det er viktig at det blir meldt frå til Vassverket dersom det oppstår større lekkasje på ledningsnettutet utenom hovudnettutet på privat side.

Vannprøver som er levert i 2016 har vore tilfredstillende bortsett frå fargetallet i sommarmånedene da er det litt høgt på grunn av «humus» i vatnet. Dette er ikkje farlig.

Magnar Nordtveit Berge sa opp jobben som Driftsleiar I Oktober, så Styreleiar utfører hans oppgåver fram til ny blir annsatt.

Nordtveitgrend 26.03.2017

Svenn Idar Nordtveit

Leiar